

## Tilstandsundersøking kunstgrasbaner i Sogn og Fjordane

Drift og vedlikehald av kunstgrasbaner, spesielt med omsyn til gummigranulat, har vorte sett på dagsorden i media det siste året. I den forbindelse ønska fylkeskommunen å kartlegge kva rutinar for drift og vedlikehald anleggseigarar av kunstgrasbaner har. Problematikken knytt til gummigranulat og mikroplast-forureining er miljømessig utfordrande. Tidlegare i år sette Forum for Natur og Friluftsliv søkelys på mikroplast i naturen, blant anna frå gummigranulat frå kunstgrasbaner. I denne samanheng skreiv fylkeskommunen saman med Sogn og Fjordane fotballkrets eit lesarinnlegg der vi la fram korleis vi vil møte denne utfordringa. Eit av tiltaka i denne samanhengen er å bevisstgjere anleggseigarane ansvaret dei har for banene. Denne undersøkinga er eit ledd i denne ansvarleggjeringa.

### Føremål

Føremålet med undersøkinga er å kartleggje korleis tilstanden på kunstgrasbaner i fylket er per i dag. Resultata ønskjer vi å bruke til å bevisstgjere produsentar og utbyggerar av kunstgrasbaner kva ansvar dei har, både i forhold til drift og miljømessige konsekvensar. Vi kan i tillegg nytte denne kunnskapen inn mot departementet i forhold til å innføre strengare krav til drift, vedlikehald og miljøsertifisering av kunstgrasbaner. Det vi ønskte å vite noko om i denne undersøkinga var:

1. Kven som driftar banene på dagleg basis.
2. Kor mykje midlar som er sett av til drift av banene.
3. Om ein har driftskurs for kunstgrasbaner.
4. Om bana er rehabilitert
5. Kor mykje gummigranulat vert brukt på banene kvart år
6. Om ein har gode rutinar for vedlikehald
7. Om bana vert slådda eller djuprensa.
8. Om bana er i bruk heile året.
9. Om gummigranulat vert samla opp ved eventuell snømåking

Vi sendte ut undersøkinga til alle kommunar i fylket, og tok sikte på å få inn svar frå alle 7ar, 9ar og 11ar kunstgrasbaner i fylket. Seriesystemet i Norge er organisert slik at ein kan spele 7 mot 7, 9 mot 9 eller 11 mot 11. Vi fikk tilbakemelding frå kunstgrasbaner i alle kommunar, vi fikk likevel ikkje tilbakemelding frå alle banene i kvar kommune. Totalt kom det inn tilbakemeldingar frå 50 av 69 registrerte kunstgrasbaner i fylket, noko som gjev ein svarprosent på 72,5 %. Det er gjort liknande undersøkingar i fleire fylke, med varierende svarprosent. I Østfold var svarprosenten 89 %, medan i Buskerud var svarprosenten 33,3 %.

### **Kven driftar banene på dagleg basis.**

Resultata viser at kommunane har driftsansvar for 59,1 % av banene, medan idrettslag har driftsansvar for 38,6 %. Det var ein respondent som ikkje svara på det spørsmålet, medan 2,3 % svara «andre».

### **Kor mykje midlar som er sett av til drift av banene.**

Undersøkinga hadde fire alternativ for kor mykje midlar ein set av til drift av banene.

- 24,4 % svara at dei set av inntil 10.000 kr per år.
- 17,1 % set av inntil 25.000 kr per år.
- 34,1 % set av inntil 50.000 kr per år.
- 24,4 % set av inntil 100.000 per år.

I tillegg var det tre som svara at dei set av over 100.000 kr per år, noko som ikkje var eit alternativ i undersøkinga. I følgje «Kunstgrasboka» frå 2015, ein vegleiar til bygging og drift av kunstgrasbaner ligg driftskostnader for ei kunstgrasbane normalt på 60.000 – 80.000 kr per år, eksklusiv vinterdrift. Totalt har 75 % av kunstgrasbanene lågare årlege driftsmidlar enn anbefalt.

### **Driftskurs for kunstgrasbaner**

Av driftsansvarlege på banene har 53,7 % av respondentane driftskurs for kunstgrasbaner, medan 46,3 % ikkje har. I tillegg er det 4 som ikkje svara på dette. Med andre ord har halvparten av driftsansvarlege på banene tilstrekkeleg kompetanse på drift. Dette, saman med tidlegare nemnde driftsmidlar, kan tyde på at blant anna fylkeskommunen i behandling av spelemiddelsøknadar bør ha krav til grundigare driftsplan for kunstgrasbaner.

### **Rehabilitering av kunstgrasbaner**

19 % av banene er rehabilitert sidan dei vart etablert. 13 % planlegg rehabilitering innan 2 år, medan 67 % ikkje har konkrete planar for rehabilitering. I følgje «Kunstgrasboka» frå 2015, vil ei kunstgrasbane normal ha ei levetid på 10- 15 år før den må rehabiliteras.

### **Type fyllmasse**

I dag er det i hovudsak tre typar fyllmasse på marknaden, gummigranulat, sant og oppmala kork. Av kunstgrasbanene i fylket er 96,23 % fylt med gummigranulat. 3,77 % er fylt med sand (dette tilsvara 2 stk.). Samtidig bør det nemnast at nokre av banene som er fylt med gummigranulat er fylt med ein kombinasjon av gummigranulat og sand.

## **Kor mykje gummigranulat vert brukt på banene kvart år**

Når det gjeld påfylling av gummigranulat fekk vi veldig sprikande svar. På 13 baner var det ikkje etterfylt granulat. 8 driftseigarar var usikker eller visste ikkje mengda som var fylt på. Det høgaste talet vi fikk inn var 10 tonn gummigranulat per år, medan gjennomsnittet blant dei som svara at dei etterfyller var 2,4 tonn per år.

## **Lufting/slådding**

Lufting/slådding vil seia å kjøre over bana med ein avansert børste, som løftar opp graset. «Kunstgrasboka» anbefaler å luften/slådde kunstgrasbaner 2 gonger i veka. I følgje svara vi har fått inn vert 16,3 % av banene i fylket slådda to eller fleire gongar i veka. 52,8 % vert slådda ein til fire gongar per måned. 18,6 % vert slådda to til seks gongar i året, medan 2,3 % vert slådda sjeldnare enn to gongar i året.

## **Djuprens**

Djuprens vert utført av ei spesialmaskin, som går ned i granulaten og fjernar framandgjenstandar som for eksempel småstein, lauv og barnåler. Det er anbefalt å gjennomføre ein djuprens på kunstgrasbaner minst ein gong i året, oftare dersom den er svært mykje brukt («Kunstgrasboka»). Blant banene i fylket svarar 62,5 % at dei har gjennomført djuprens, medan 37,5 % svarar at dei ikkje har gjennomført det. I tillegg var det 5 stk. som ikkje svara på spørsmålet i det heile.

Av dei som har gjennomført djuprens svara 6,7 % at dei gjennomfører 2 eller fleire per år. 53,3 % har djuprens ein gong per år. 20 % har djuprens annakvart år, og 20 % gjennomfører djuprens ein gong per 5 år.

## **Heilårsdrift og oppsamling av granulat**

Baner som har heilårsdrift er baner som er i drift heile året, med hjelp av brøyting eller undervarme. Av kunstgrasbanene i fylket er det 68,9 % som har heilårsdrift, medan 31,1 % har vinterstengt. 41,9 % av banene som har heilårsdrift har oppsamlingsdeponi/opsamlingssystem for granulat ved snøbrøyting. 58,1 % har ikkje nokon form for oppsamling av granulat. Det skal likevel nemnast at nokre av banene med vinterdrift har undervarme, slik at ein ikkje har behov for eit oppsamlingssystem.

## Vidare arbeid

Denne undersøkinga har vist at problemstillingane knytt til kunstgrasbaner, spesielt miljøomsyn med tanke på mikroplast-forureining må arbeidast vidare med. Vidare tiltak i den samanhengen kan vere:

- Kommunar og fylkeskommunar bør ha eit større fokus på driftsplanar til kunstgrasanlegg når ein behandlar spelemiddelsøknadar. Planane bør vere grundigare, setje av meir midlar til drift, og ha eit større miljøomsyn.
- Fylkeskommunen vil arbeide for at Kulturdepartementet i samarbeid med Fotballforbundet, set strengare krav til drifts- og vedlikehaldsplanar for kunstgrasbaner.
- Auke kompetansen på drift av kunstgrasbaner hjå klubbar og idrettslag ved å gjennomføre årlege driftskurs for kunstgrasbaner, gjerne i samarbeid med Sogn og Fjordane fotballkrets.